

FYRSTE LAGSBRUKET

Som nemnt før, hadde ein alt fyrste året tankar om å skaffa midlar til veges ved hjelp av ei kaffistove med innreidnad etter mønster i gamal stil frå stortida på bygdene. Men det var ymse omstende som gjorde at dette vart utsett til så lenge. I kløyvingsåret for B.u.I. vart kaffistovespursmålet teke opp i «Bondelaget Noreg» av formannen der, lærar *Nils Sævraas*. Det vart elles ikkje meir gjort før laga kom saman att den 22. sept. 1903. Då kom Sævraas med framlegg om kaffistove att. Og det vart vald ei nemnd til å førebu tiltaket og setja arbeidet igang. Nemnda var: Formannen N. Sævraas, Øystein Eskeland, Sophus Thomsen, Gunnar Løvik, A. Berge. Og nemnda arbeidde godt. Dei fekk pengane til innreidnad o. a. på rentefrie skuldbrev frå medlemene i



Eit rom i Kaffistova Østervåg.

laget. Og innbuet vart arbeidt av Sjur Berven, Øystese, i gamal norsk stil, noko som sermerkte kaffistova framom andre kafear i byen. Den 28. jan. 1904 vart stova i Østervåg 21 opna med ei stillfull samkome, der fylkestinget, bladstyrarane for dagblada o. a. var med. Og lovorda var mange og gode frå alle kantar. — Av Einride Tveito sin song til opninga tek me dei fire fyrste versa:

Det ljosnar av dag, det lovar oss vår
kvar gong at ein draum vert liv.
Det lovar so vel og høgsumar spår,
og tvihug ifrå oss driv:
Me drøynde ein heim med sol og med song,
og den hev me fenge slik som me trong
— ein heim som er fri for mein og for sut,
og hegnar om møy og gut.

Åleine me fyrr sat heime i krå
og gnøg på det turre braud.
Me koka oss kaffi ender og då,
og visst ikkje leid me naud.
Men turrsamt det var og kaldsleg og grått,
og kaffien smaka slett ikkje godt.
For einsemd i gjorde verdi so trong
og fatig på sol og song.

Då var det me råkast, sagde på lag:
«Me byggjer oss heimen ny,
der møtast me kan ved kveld og ved dag
— er heime i framand by.»
— No ser ein at det vart anna enn ord.
Og heimen er gjæv som var det hjå mor,
med benkjer og bord, med kranser og flag,
med alt av det beste slag.

Her møtest me både kvinna og mann
— ja gamal og ung i lag.
Og kaffi me drikk so ofte me kan
— me vonar kvar einast dag.
Og her kan me eta lefsa og kling —
ja, Hardanger-kaka vankar ikring.
Og vert ein kje då bå' kraftig og staut,
me kokar oss havregraut.

Fyrste styrarinna var *Guri Kyvik* med dette stovestyret: *Sophus Thomsen*, formann, *Gunnar Løvik*, kassestyrar, *Lars Næss*, *Andreas Helland*, *Samuel Ledål*, *Thea Clementsen* og *Malla Nordheim*.

Dagblada gav stova gilde lovord dagen etter opninga. Og alt gjorde sitt til at Kaffistova vart kjend både for bymann og bonde, som kom til å nytta stova trutt.

Det kulturelle føremålet med stova vart markert i fyrste paragrafen i lovane såleis: Kaffistova har til føremål å vera ein heimsleg møtestad for landsfolk og byfolk og hjelpa fram god norsk sed og skikk i hus-



Guri Kyvik,
styrarinne Kaffistova 1904—12.



Kristine Stensen,
styrarinne Kaffistova 1935—50.

bunad og matstell. — Og stova gjekk sers godt. Ho vart attåt ei god innkomekjelde for laget. Meste innkoma skulle etter lovane gå til eige hus. Og alt fyrste året gav stova så stor netto-innkome at det lova godt. Det gjekk ikkje mange år før ein øygna eige hus til laget. Alt i 1911 vart det gamle posthuset på hyrna av Kyrkjegata og Øvre Holmegata kjøpt til dette foremålet.